Kompetanseprogram for auka bruk av tre

i

Møre og Romsdal

2017 – 2018

Kompetanseprogram for auka bruk av tre i Møre og Romsdal

Innleiing

Vi har lange tradisjonar med bruk av tre som bygningsmateriale. I moderne tid har spesielt større bygg blitt bygd i stål og betong, mens mindre bygg ofte har blitt bygd i tre. I dei siste åra har tre også blitt brukt ein del i større bygg som til dømes i Romsdalsmuseet og Romsdal VGS, leilegheitsbygg og industribygg. Dette skyldast at det har blitt utvikla nye trebaserte byggelementer, konstruksjonar i limtre og massivtre, samt at byggeforskrifta har opna for bruk av tre i større bygg. Likevel er ofte kompetanse ein av dei største barrierane for bruk av tre i større bygg som skuler, administrasjonsbygg, høghus og sjukeheim. Ulike fordommar og varierande kompetanse om brann, lyd, fukt og kostnadar gjer at tre ofte ikkje er eit reelt val for mange byggherrar.

Reduksjon i klimautslepp

Klimaavtalen i Paris inneberer at alle må bidra til å redusere dei globale klimautsleppa. Kommunane vil ha ein sentral rolle, særleg knytt til transport, avfall og bygg/bustad. Bygg står for ein tredel av alle klimautslepp og med dei rette tiltaka kan derfor bygg bli eit enkelt og effektivt verkemiddel for å redusere kommunane sine CO_2 utslepp. Tre er ein fornybar ressurs og eit klimavenleg produkt som vil kunne redusere klimautsleppa, vere konkurransedyktig og gje gode bygg.

Klimagevinst ved bruk av tre som bygningsmateriell

Tre er eit miljøvenleg byggemateriell. ZEB (The Research Centre on Zero Emission Buildings) har utarbeida ein livsløpsanalyse av klimautslepp frå ulike byggematerialar. Studien viser at CO_2 utsleppa frå ein berekonstruksjon i tre er omtrent halvparten av utsleppa frå eit tradisjonelt beresystem i stål og betong.

Treteknisk har og sett nærare på miljø og klimaeffektar ved bruk av tre i offentlege bygg. I gjennomsnitt gir bruk av 1 m^3 trelast ein reduksjon på om lag 1,6 tonn CO_2-ekvikvalentar når den erstattar andre byggematerialar. Ein einebustad som blir bygd i tre kontra andre byggematerialar vil redusere klimautsleppa med om lag 35 tonn CO_2 (bygg på 100 m^2 nyttar om lag 22 m^3 med trelast). Dette utgjer om lag 23 år med utslepp frå ein vanleg bil med ein gjennomsnittleg køyreavstand på 15.500 km. I tillegg kjem effekten ved at karbonet i trevirke blir lagra i byggets si levetid. 1 m^3 med trelast lagrar i snitt 800 kg CO_2 per m^3 trelast. Ved å nytte eksempla over vil det i tillegg bli lagra om lag 18 tonn med CO_2 i byggets levetid. Inklusive både substitusjons- og lagringseffekten er klimagevinsten om lag 53 tonn CO_2 som tilsvarar om lag 34 år med bilkøyring.

Forankring

Klima- og energiplanen for Møre og Romsdal har mål om å redusere klimautsleppa med minimum 10% innan 2020 basert på nivået i 2009. Eit av tiltaka for å nå målet er å auke bruken av tre som bygningsmateriell. I tillegg har Melding om Kystskogbruket mål om auka bruk av tre som bygningsmateriell (vedteke av fylkestinget juni 2015).

Kompetanseprogrammet gjennom prosjektet «Tredrivaren» er eit direkte tiltak for å nå måla i regional Klima- og energiplan. Prosjektet Tredrivaren i Møre og Romsdal har mål om å auke bruken av tre som bygningsmateriell og er eit samarbeidsprosjekt mellom Innovasjon Norge, fylkeskommunen. Arkitektforeninga, Skognæringsforum, Trefokus og Fylkesmannen. Fylkesmannen er prosjekteigar.

Gjennomføring
Gjennom kompetanseprogrammet vil det bli informert om berekraftige bygg, gitt kompetanse om innovative anskaffingar og vist korleis samarbeid og nettverk kan bidra til betre planlegging av dei ulike bygga

Alle kommunane i Møre og Romsdal blir invitert til å delta i kompetanseprogrammet. Målgruppa er politikarar, administrative representantar og andre som er involvert i vedtakts- og innkjøpsprosessar (innkjøparar, arealplanleggarar, arkitektar, ingeniørar, prosjektleiarar, eigedomssjefar og energi- og miljøvernrådgjevarar etc.) Desse representantane skal få eit innblikk i muligheitsrommet når det gjeld planleggingsfase, miljø/energi, drift og bruk av fornybare materialar i byggeprosjekta. Det er viktig at både politikarar og administrasjon får kompetanse, eit nettverkt og inspirasjon til dette temaet.

Bestillerkompetanse som sikrar nye innovative løysingar i berekraftige bygg vil ha stort fokus. Gjennom seminar og studietur skal kommunane få kjennskap til prosessar og offentlege anskaffingar på ein ny metode.

Kompetanseprogrammet har etablert eit samarbeid med Nasjonalt program for leverandørutvikling som sørger for informasjon om innovative offentlege anskaffingar. Målet med samarbeidet er å synleggjere kva slags føringar kommunane kan legge i forhold til lovverket for offentlege anskaffingar.

Innhald

Kompetanseprogrammet vil bli gjennomført i perioden mars 2017 til november 2018. Følgjande aktiviteter vil bli gjennomført:

1. Seminar om muligheiter for bruk av tre som bygningsmateriell – mars 2017
2. Studietur over to dagar – april/mai 2017
3. Seminar om innovative offentlege anskaffingar i kommande byggeprosjekter – juni 2017
4. Leverandørkonferanse for offentlege bygg – juni/september 2017
5. Direkte oppfølging av kommunane gjennom eigne møter, februar 2017 – november 2018
6. Tilbod til alle kommunane om innlegg om berekraftige bygg på møter i kommunestyret, mars 2017 – november 2018

Det vil vere aktuelt å repetere aktivitetane også i 2018 for nye deltakarar.

Seminar om muligheiter for bruk av tre som bygningsmateriell

Her vil alle kommunane få ein innføring i moderne berekraftig byggeri. Tema vil vere både nye bygg og rehabilitering av eldre bygningar. Det vil bli presentert eksemplar på skuler, barnehagar, sjukeheim, eldrebustader og administrasjonsbygg som er bygd i tre. Hedmark og Oppland vil orientere om deira erfaringar med kompetanseprogram for auka bruk av tre.

Studietur

Studieturen skal inspirere deltakarane så dei får kjennskap til allereie ferdige bygg. Vi legg opp til synfaringar av skuler, barnehagar og omsorgsbustader. Aktuelle reisemål er Trondheim og Bergen. Erfaringar frå kommunar når det gjeld vedtak, byggeprosessar og ferdige bygg vil gje eit fagleg påfyll hos politikarar og administrasjon når det gjeld medverking og utfordringar. Deltakarane vil møte tilsette og brukarar i dei ulike settingane. Vi legger opp til besøk hos treindustribedrifter for å vise frem ulike løysingar og kommunes eigedomsavdeling. Dei informerer om korleis dei arbeidar, frå eit politisk vedtak blir fatta til anbod og ferdig trebygg. Begge kommunane har fleire barnehagar, skular og omsorgsbustader som er bygget som berekraftig trebygg og med energi/miljø løysingar som er innovative og framtidsretta. Dei har over lang tid arbeid med gode løysingar på ventilasjon og drift av bygga.

Innovative offentlege anskaffingar i kommande byggeprosjekt

Offentlege anskaffingar er eit sentralt tema i alle byggeprosjekter. Kompetanseprogrammet har eit samarbeid med Nasjonalt program for leverandørutvikling. Deltakarane får på seminaret innblikk i eit verkemiddel for smartare innkjøp. Målgruppa for programmet er alle som har tilknyting til byggeprosessar i kommunane: politikkarar, administrativ leiing, eigedomsforvaltarar, arealplanleggarar, arkitektar, ingeniørar, etc.

Leverandørkonferanse for offentlege bygg

Innan bygg er det eit særleg potensial i å nytte innovative, offentlege anskaffingar som verkemiddel for utvikling av nye klima- og miljøvenlege løysingar. Her er berekraftige byggeprosjekter med fokus på klima, miljø og energibruk sentralt.

Dette er ein måte å jobbe på når det gjelder prosessen frå eit vedtak til ferdig bygg.

- Byggeprosjekta frå deltakarkommunane som skal presenterast på leverandørkonferansen er alt frå:
    - Konkrete byggeplaner
    - Eit skisseprosjekt
    - Til ferdig vedtekne byggeprosjekter

Arkitektar, ingeniørar, entreprenørar, rør-elektro-energi bransjen og ulike industribedrifter vil vise stor nysgjerrigheit på eit slikt seminar. Dette er også for dei ein ny måte å kome inn i prosjekta. Innspel frå kompetansemiljøa vil gje betre grunnlag for anbodsgrunnlaget til kommunane.

Eigne møter med kommunane

Det vil i tillegg bli gjennomført eigne møter med dei enkelte kommunane. Aktuelle tema og innspel kan vere:

- Muligheitsstudiar for ulike type bygg
- Innspel til ulike kompetansemiljø som har erfaring med å bygge i tre
- Dialogmøter med fagmiljø
- Bidra med innspel til korleis anbods utlysningar kan skildrast for berekraftige bygg
- Dialog med fleire kommunar som byggar same type bygg

Berekraftig bygg

Gjere politikarar meir bevisste på å bygge berekraftige bygg i sine kommunar. Gjennomgang av kompetanserapport for bestillerkompetanse for offentleg bestillar. Kor politikkarar, som byggherre, er meir rusta for val av materiale.

Alle kommunestyra får tilbod om eit besøk med om lag 30 minuttars innlegg om muligheiter til å bygge berekraftige bygg i sine kommunar.

Økonomi

Budsjett for perioden februar 2017 – november 2018.

Kva	**Kr**	**Merknad**
Seminar	150.000	3 - 6 stk
Fagtur	75.000	2 stk
Innleige av ressurspersonar til oppfølging av byggeprosjekt, off. anskaffingar	400.000	Direkte rådgjeving av konkrete byggeprosjekt i kommunane
Kommunemøter	50.000	Reise
Diverse	25.000	
Sum	**700.000**	**Eige arbeid er ikkje tatt med.**

Dette er eit delprosjekt under Tredrivaren i Møre og Romsdal. Prosjektleiing er lagt til hovudprosjektet og eiget arbeid er ikkje tatt med her. Det er heller ikkje tatt med eigen innsatsen til deltakande kommunar. NHO sin innsats er heller ikkje tatt med!

Finansiering

Forslag om finansiering av arbeidet er vist i tabellen under.

Kva	Kr	Merknad
Tredrivaren	500.000	Vedtak av styringsgruppa 19.04.16
Møre og Romsdal fylkeskommune – oppflg av klima og energiplan	200.000	Søknad om finansiering er sendt
Totalt	700.000	

Eiget arbeid til prosjektleiing og frå deltakande kommunar er ikkje tatt med her.

Molde 17. november 2016

Kåre Kristen Totlund

Prosjektleiar «Tredrivaren i Møre og Romsdal»

Fylkesmannen i Møre og Romsdal